



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

REFERAT frå møte i Kviteseid Sokneråd Onsdag 22. januar 2020 kl.18.00

Stad: Kommunehuset

Innkalla:

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Dagfinn Jone Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Sigrun Garvik Moen (sekretær) og Vidar Syrtveit Mikalsen, Sokneprest Møyfrid Lunde og kommunerepresentant.

Varamedlemmer: Vigdis Helene Bruhaug og Aud Turid Fjågesund

Andre: Kyrkjeverje Kristen Salmelid.

Varamedlemmer utover 1. og 2. vara, vart ikkje innkalla.

Ord for dagen ved sokneprest Møyfrid Lunde.

Kaffi frå kontoret, litt å bite i ved Marit Gotuholt.

Mail kopi innkalling og referat til revisor Hilde Vatnar og prost Asgeir Sele.

(Referat blir i tillegg sendt til rådmann Øystein Tveit og kommunalsjef for budsjett og strategi Tore Åsland. Ordførar får som kommunerepresentant)

Oversikt over saker:

| | |
|------------------------|--|
| Sak 01/20, (FR) | Innkalling og saksliste |
| Sak 02/20, (FR) | Post og meldingar |
| Sak 03/20, (FR) | Investeringsbudsjett 2020 |
| Sak 04/20, (FR) | Driftsbudsjett 2020 |
| Sak 05/20, (FR) | Årsplan 2020 og årshjul 2020-23 |
| Sak 06/20, (FR) | Tankar og innspel til strategisk arbeid |
| Sak 07/20, SR | Møte med prost Asgeir Sele |
| Sak 08/20, SR | Musikkvideo i Gamlekyrkja |
| Sak 09/20, SR | Val av ymse representantar |
| Sak 10/20, SR | Eventuelt |

Referatet er skive av Sigrun G Moen og Kristen Salmelid 23. og 24.01.2020

| Sak 01/20, (FR) | Innkalling og saksliste | MG |
|---|-------------------------|--------------|
| <p>Innkallinga til dette møtet er sendt ut på e-post 15.01.2020 til alle medlemmer og varamedlemmer av det nye soknerådet.</p> <p>Merknader til innkallinga eller sakslista?</p> <p>Forslag til VEDTAK: Innkallinga sendt ut på e-post 15.01.2020 er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.</p> <p>VEDTAK: Innkallinga sendt ut på e-post 15.01.2020 er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend med korrigering av nokre mindre feil. Val av ymse representantar blir eiga sak.</p> | | |
| Sak 02/20, (FR) | Post og meldingar | MG / ML / KS |
| <ol style="list-style-type: none"> 1. Biskopen oppnemner for kvar ny soknerådperiode den geistlege representanten for soknerådet og ein vara. I brev av 6.11.2019 er vi gjort kjend med at Møyfrid Lunde (sokneprest i Kviteseid) er oppnemnd, med Dag Harald Undheim (sokneprest i Seljord) som vara. 2. Informasjon om og frå IKO (ved Møyfrid Lunde) 3. Informasjon frå Agder og Telemark bispedømmeråd 'Om menighetens misjonsavtale' (ved Møyfrid Lunde) 4. Årsrapport for 2019 frå prostidiakon Eilev Erikstein. Ein lang rapport ligg ved i pdf. Utdrag som gjeld Kviteseid vert med i vår eigen årsmelding etter kvart. Prostidiakonen deler vi med Tokke, Vinje, Nissedal og Fyresdal. I Kviteseid hadde Eilev over 50 sjelesorgsamtaler og deltok i ei rekke arrangement. Leiar refererte mykje frå rapporten. 5. Dei som ikkje har fått 'Håndbok for menighetsråd og kirkelig fellesråd' får den på møtet. Vi bestilte i første omgang berre bøker til faste medlemmer av SR. Vi bestiller gjerne fleire. Boka kan og lesast digitalt: https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/for-medarbeidere/handboker---veiledninger/mr_fr_handbok_2019_2023.pdf Det blir bestilt bøker til vararepresentantar òg. 6. Vi har òg nokre ekstra eksemplar av heftet 'HÅNDTRYKK' som vart utdela på kurset i Seljord til dei som ikkje var der. 7. Vi må sende påmelding til kurs for fellesråd i BØ i februar. Vi reknar med alle medlemmer og varamedlemmer. Meld frå om du ikkje kan møte. <u>Andre saker referert på møtet:</u> 8. Det er meldt inn gaver på til saman kr 135.000 for skattefritak for 2019. 9. Formiddagstreff planlagde i 2020: 22/1, 26/2, 25/3, 22/4, 29/4 Fest for Lundenjordet på Misjonshuset, 13/5 Samling for eldre i kyrkja, 24/6 Sommarfest på Bygdetunet 10. Ekstra gudsteneste utanom dei forordna: Taizé-gudsteneste 27/2 kl 19.00 i Kviteseid kyrkje 11. Konsert i Kviteseid kyrkje 29/3: «Lyrikk og musikk» ved 3 x Haugen + Olav Holm <u>Lagt til etter møtet:</u> 12. Leif Raustøl blir talar på Fellesmøta 6.-8. mars. <p>Forlag til VEDTAK: Soknerådet tek informasjonen til vitande.</p> | | |

Investeringsbudsjettet vart handsama i AU-sak 3/20.

Kommunestyret vedtok 12.12.2019 eit investeringstilskot til kyrkja på 1 mill. kr., og det same årleg på investeringsplanen 2020-2024.

Dette er i samsvar med det soknerådet bad om på sin investeringsplan frå Sak 41/19 i juni.

Ei stor sak dukka opp seint i oktober 2019, der Riksantikvaren gav oss anledning til å søkje om 60 % finansiering av 'Istandsetting og brannsikring av middelalderkirker av stein' med stønad mellom 300.000 og 900.000 kr. Søknad om dette vart førebudd i okt/nov og sendt 13.11.2019. 16.12.2019 fekk vi eit positivt vedtak.

(19. og 20. kom det fleire medieomtalar av saka, også omtala av Vest-Telemark Blad i romjula)

På bakgrunn av dette og utviklingar i andre saker, legg kyrkjevevja fram eit nytt forslag til investeringsprosjekt for 2020.

Søknad til Riksantikvaren om tilskot til istandsetjing av kyrkjeklokka i Kviteseid gamle kyrkje ligg klar og vart sendt 6.1.20.

VEDTAK:

Au vedtek å leggje det reviderte forslaget fram for soknerådet for endeleg vedtak.

Det vedtekne forslaget til investeringsbudsjett for 2020 og investeringsplan for åra som fylgjer, ligg ved. Her er hovudpunkta:

1. Istandsetjing av kyrkjeklokka i Kviteseid gamle kyrkje for bruk: kr 104.000
2. Tilskotet frå Riksantikvaren på kr 420.000 er gjeve til istandsetjing av Kviteseid gamle kyrkje (utvendig). Med eigeninnsats på kr 280.000 frå investeringstilskotet frå kommunen, og momsrefusjon, får vi utbeta taket og våpenhuset for til saman kr 875.000.
3. Rehabilitering av to store blyglas til i Kviteseid kyrkje: kr 190.000. (2 vart ferdige i 2019)
4. Carport for maskinar, utstyr og køyretøy, samt ombygging av to toalett til å kunne brukast av bevegelsehemma og til dusj for kyrkjegardsarbeidarane. Arbeidet er påbegynt i 2019.
 - a. kr 349.000 (i 2020). Vert truleg for lite for ferdigstilling. Held fram i 2021.
 - b. Ein variant nr II brukar meir på dette for å bli ferdig i år: kr 456.000, i staden for å setje av noko på bunde fond. Dette er kome opp etter AU si handsaming.
5. Ferdigstilling av nytt flistak på tårnet på Brunkeberg kyrkje: kr 150.000. Flisene er produsert på sag av malmfuru i 2019. Blir sett opp etter vinteren.

Vedlegg: Investeringsplan 2020-24 (i 2 variantar)

Forlag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek det framlagde investeringsbudsjettet for 2020 og investeringsplanen for perioden 2021-24, utan avsetjing til fond. Soknerådet er takksame for tilskotet frå Kviteseid kommune på kr 1,0 mill., og bevillinga frå Riksantikvaren på kr 420.000 som mogleggjer meir arbeid med istandsetjing av Kviteseid gamle kyrkje.

VEDTAK:

Som føreslege.

Driftsbudsjettet vart handsama i AU-sak 4/20.

Kommunestyret vedtok 12.12.2019 eit driftstilskot til kyrkja på kr 100.000 mindre enn det soknerådet bad om. (SR-sak 51/19)

Som ein kompensasjon for mindre tilskot, vart festeavgifta auka frå 2020 med kr 50 pr. grav, frå kr 200 til 250 kvart år. Denne auken kan i 2020 gje oss eit tillegg på inntil kr 65.000 og kompenserer difor ikkje heilt for det reduserte. (I eit gjennomsnittleg år blir det betalt for 95 % av 275 graver. Resten blir sletta. Det er uvisst kor mange ein ynskjer å slette, og difor ikkje vert betala. 2021 er eit toppår, med 100 fleire graver)

Vi bad kommunen om ei auke på 2,6 % frå 3.258.000 til 3.343.000, eit tillegg på 85.000 kr.

I staden får vi altså kutt på kr 100.000 som gjev oss kr 3.243.000 netto frå kommunen. Legg vi til auken i festeavgift (i 2020) kr 65.000, får vi 3.308.000 å rutte med, kr 35.000 mindre enn det vi bad om, men likevel kr 50.000 meir enn det vi hadde i 2019.

De ser av vedlegget at det framlagde forslaget til driftsbudsjett har samla utgifter på om lag 5,2 mill.kr, og manglar noko inndekking. Kyrkjevevja vil ha AU med på prosessen på å fullføre det arbeidet, for å gje AU større innsikt i oppbygginga av budsjettet og detaljane i det.

Lønsrelaterte kostnader er dei største. Vi starta i 2019 med 3,87 årsverk og enda opp med 3,85. To tilsette gjekk av med pensjon (1,07 årsverk). Ny organist fekk 70 % stilling (mot 100 tidlegare). Trusopplærar auka frå 15 til 50 % (30 frå organist, og resten frå klokkestillinga som er gjort til frivillig/ulønt teneste). Innsparing med lågare lønsplassering på organist, er allereie 'spist opp' med lønsauken dei tilsette fekk i mellomoppgjeret i 2019.

Frivillige faste gåver dekkjer noko av lønskostnadane. Vi budsjetterte i 2019 med faste gåver på 60.000/år + 30.000 i enkeltgåver. Vi fekk 58.000 + 10.000.

Løn til kyrkjevevja må etter forskriftene vedtakast spesielt då den ikkje vert regulert sentralt. Det er kyrkjevevja og arbeidsgjevar (Soknerådet ved leiar) sitt felles ansvar gjennom forhandlingar å syte for at kyrkjevevja får korrekt løn. Kyrkjevevja har sendt leiar eit forslag ('krav') som òg ligg innbakt i budsjettet. Soknerådet sitt siste tilbod vert det gjeldande. Leiaren ynskjer saka handsama i AU.

Driftskostnader inneheld mest faste postar, men utgifter til vedlikehald av utstyr og kyrkjer er vanskeleg å fastslå på førehand. Eit døme på det er nytt kjøleanlegg til bårhuset i Brunkeberg i 2019, som brutto kosta kr 77.000 + elektrisk kr 31.000, og ikkje var budsjettert med spesielt. Eit anna eksempel er ekstra store kostnader med istandsetjing av orgelet i gamlekyrkja (over kr 60.000).

Eksempel på andre faste kostnader som aukar kvart år, er relaterte til HMT (HMS):

Brannvarsling med automatisk melding, drift og kontroll av dette, til nå i 4 kyrkjer, etter at Vrådal fekk sitt i drift like før jul.

Eit mest mogleg oppdatert driftsresultat er bestilt frå kommunen, men kom ikkje før utsending. Resultata som ligg i budsjettet er pr oktober, slik framlagt SR i desember.

Frå dette budsjettet (2020) er det kommunale tilskotet blitt fordelt på ein litt annan måte enn tidlegare, for å få betre balanse avdelingsvis, særleg etter endringar i stillingsstorleikar.

Avd. 4 *Andre kyrkjelege formål*, har størst auke på lønsrelaterte postar. 'Skjulte' lønskostnader går i tillegg til Prostidiakonen og tilsette i Ønsket&Elsket, som bli sendt til hhv Tokke og Seljord kyrkjelege fellestråd, som har personalansvaret for desse felles tilsette. Ø&E er oppført med eigen budsjettpost.

Vedlegg: Forslag til driftsbudsjett 2020

Forslag til VEDTAK:

AU slutfører budsjettarbeidet og legg fram for SR forslag til driftsbudsjett for 2020 i balanse.

VEDTAK:

Kyrkjeverja si løn vart drøfta utan kyrkjeverja til stades. AU vedtok å gje eit tillegg på 2,8 % (kr 16.000) slik at ny løn frå 1.5.20 vert kr 575.000.

AU vart vidare orientert om, og drøfta driftsbudsjettet for 2020. Det vart snakka om behov for fleire mindre, men viktige investeringar. På bakgrunn av dette slutfører kyrkjeverja arbeidet og legg forslag til driftsbudsjett for Kviteseid sokn for 2020 i balanse fram for SR for endeleg vedtak.

Etter fleire rundar med gjennomgang og finpussing av budsjettforslaget før og etter AU-møtet, legg kyrkjeverja no fram eit endeleg forslag. Det balanserer med kr 5.073.000 i samla utgifter og inntekter. Av dette er 3,539 mill. kr tilskot frå Kviteseid kommune. Resten er i hovudsak tilskot frå staten (til trusopplæring), innbetalingar vedr. graver, og gåver (ofringar, enkeltgåver og faste gåver).

Avdelingsvis ser hovudtala slik ut:

- **110 Kyrkjeleg administrasjon** endar med driftsutgifter på 996', inntekter på 974' og eit underskot på kr 22'. Her er dei tilsette kyrkjeverja (100 %) og sekretær (15 %)
- **111 Kyrkjer** endar med driftsutgifter på 1.651', inntekter på 1.687' og eit overskot på kr 36'. Her er dei tilsette kyrkjetenar (50 %) og organist (70 %)
- **112 Kyrkjegardar** endar med driftsutgifter på 1.250', inntekter på 1.302' og eit overskot på kr 52'. Her er dei tilsette to kyrkjegardsarbeidarar (2 x 50 % = 100 %).
- **113 Andre kyrkjelege føremål** endar med driftsutgifter på 1.028', inntekter på 932' som gjev eit underskot på kr 96'. Her er dei tilsette trusopplæraren (50 %) i tillegg til samarbeidsstillingane med andre sokn/fellesråd: Prostidiakonen og 2 mindre stillingar i *Ønsket & Elsket*. Dei to postane utgjer nær 150' (i skjulte lønskostnader).

I budsjettforslaget er det lagt inn ein forventa løns- og ansiennitetsauke for dei tilsette på 2,5 %. Festeavgiftene er i kommunestyrevedtak i des. 2019 auka frå 200 til 250 kr pr grav pr år.

I avdelingane 111 og 112 er det litt rom for fornying av utstyr, men ikkje på langt nær så mykje som ynskjeleg og naudsynt. Kontoret burde òg byta ut fleire eldre PC-ar, men det vert det truleg ikkje rom for i år.

Faste og sporadiske gåver til eige arbeid, utgjorde i 2019 kr 71' av budsjettet 90'. Vi budsjetterer likevel med 90' i 2020 òg. Her kan det gjerast ein innsats for å auke inntektene.

Årsresultatet for 2019 er venta å enda om lag i balanse. Med det aller meste ført, syner rekneskapan eit mindreforbruk (overskot) på kr 148.000. Då er ikkje alt ført, mellom anna straumrekningane for siste termin 2019.

Samla gåver i ofringar, til kyrkjebladet, i basar og alle andre gåver, utgjer samla kr 385'. Av dette er 198' innsamla til eksterne og vidaresemdt.

Soknerådet får tilsendt eit budsjettforslag med berre hovudpostane, slik det vert lagt fram for vedtak. AU som har handsama på meir detaljert nivå, får tilsendt eit detaljert oppsett. Det er det fleire som vil ha, så difor er det gjort tilgjengeleg for alle som får innkallinga eller kopi av den.

Vedlegg: *Forslag Driftsbudsjett 2020, kort og Forslag Driftsbudsjett 2020, detaljert*

Forlag til VEDTAK:

Soknerådet stadfestar AU sitt vedtak om ny løn til kyrkjeverja frå 1.5.20 på kr 575.000, ei auke på kr 16.000 frå dagens løn.

Soknerådet vedtek det framlagde forslaget til driftsbudsjett for Kviteseid sokn for 2020.

VEDTAK:

Som føreslege.

| Sak 05/20, (FR) | Årsplan 2020 og årshjul 2020-23 | MG |
|--|---|----|
| <p>SR-Sak 76/19: SR har lagt nokre føringar til møtefrekvens, datoar og årshjul for soknerådet, og ber kyrkjeverja notere seg det som er sagt. SR bed AU komme med forslag til saker og tema, og plassering på 4-års-hjul til neste møte. Siste møte (i 2020) som var føreslege til tidleg i desember, bør komme i november. Onsdag er greie møtedagar (for SR). Neste SR er sett til 22.01.2020</p> <p>AU si handsaming: Årsplanen er stort sett den same som vart lagt fram for SR i desember, men med endra datoar for møte i januar og desember.</p> <p>SR datoar er då sett for året 2020. Kyrkjeverja meiner AU bør samlast seinast 2 veker før SR, dei gongene vi har saker å handsama. Er onsdag grei møtedag, eller er måndag, tysdag eller torsdag betre? (Kyrkjeverja treng eit par arbeidsdagar på å gjere ferdig referat frå AU og innkalling til SR, og vil gjerne sende ut innkalling til SR-møta i god tid.)</p> <p>Temaet 'Visjonar og mål' er flytta frå januar til april-møtet.</p> <p>Tidlegare føreslegne TEMA er forsøkt plassert på årshjul/ 4-års-hjul. Vi diskuterer desse og lagar ein plan for denne SR-perioden. Tenk gjerne gjennom andre saker, prioriteringar og eigne ynskje til møtet.</p> <p><i>Vedlegg: Årsplan og saker til fordeling</i></p> <p>Forslag til VEDTAK: Au vedtek å leggje den gjennomarbeida 4-års planen fram for soknerådet for vedtak.</p> <p>VEDTAK: AU vedtek å leggje den gjennomarbeida 4-års planen fram for soknerådet for vedtak. AU set dato for sine møte etter kvart.</p> <p>Etter ynskje frå AU er det framlagde årshjulet sett opp med alle punkt og tema for kvart møte i kvart av åra 2020-2023. Sjå vedlegget. Årshjulet må sjåast på som ein plan, som kan avvikast viss det vert naudsynt.</p> <p><i>Vedlegg: Årshjul Kviteseid sokn for perioden 2019-2023</i></p> <p>Forlag til VEDTAK: Soknerådet vedtek det framlagte årshjulet med plan for kvart møte i denne soknerådsperioden.</p> <p>VEDTAK: Soknerådet vedtek det framlagte årshjulet med plan for kvart møte i denne soknerådsperioden, med dei endringar og tillegg gjort i møtet.</p> <p><i>(Årsplanen ligg på nettsida www.kviteseid.sokn.no under 'Sokneråd' og 'Referat SR mm')</i></p> | | |
| Sak 06/20, (SR) | Tankar og innspel til strategisk arbeid | ML |
| <p><i>Ref. Soknerådskurs i Seljord i november 2019</i></p> <p>Som sokneråd har vi no fire år framfor oss der vi skal arbeide saman for Kviteseid sokn. På kurset dei fleste av oss deltok på, på Granvin i Seljord, fekk vi ein konkret utfordring av Tore Gullaksen frå bispedømekontoret. Vi fekk ein lapp der vi kunne skrive ned nokre tankar om kyrkja hos oss lokalt og idéar til tiltak som soknerådet kan fremje og arbeide med dei neste åra. (Sjå PowerPoint-presentasjonen – s. (33-35) med spørsmåla frå Gullaksen.)</p> | | |

På møtet i april er det planlagt at vi skal arbeide med å formulere felles visjon, mål og tiltak som vi vil prioritere i denne soknerådsperioden. Det skal virke samlande og inspirerende som styringsreiskap for både tilsette og frivillige i denne soknerådsperioden. Før den tid vil vi arbeide for å bli betre kjent med kvarandre, lytte til kvarandre og arbeide oss saman. Som eit første ledd i dette vil vi bruke noko tid på å dele med kvarandre enten av det den einskilde noterte seg på lappen på kurset, eller som ein no i etterkant tenker ut frå spørsmåla s. (34 og 35) frå Gullaksen (òg referert under her:).

Vedlegg: <https://kirken.no/nb-NO/bispedommer/agder/ressurser/ressursside-for-menighetsrad/kurs%20for%20menighetsrad%202019/>

Her finn du PowerPoint-presentasjonen: *Kurs for nye menighetsråd 2019*

Dei aktuelle spørsmåla i kortversjon:

- **2023.** Se for deg at du er kommet til slutten av perioden i menighetsrådet. Alle skryter av at dere har gjort så mye bra for menigheten og lokalsamfunnet.
- HVA KIENNETEGNER MENIGHETEN SOM FUNGERER SÅ BRA I 2023? Skriv opp noen punkter.
- HVILKE TILTAK HAR DERE GJORT FOR Å KOMME DIT DERE ER I 2023?

Forlag til VEDTAK: Dei ulike innspela og tankane som kjem fram vert notert ned til bruk i den vidare førebuinga av saken til aprilmøtet.

VEDTAK: Dei ulike innspela og tankane som kom fram vart notert ned til bruk i den vidare førebuinga av saka til aprilmøtet.

Sak 07/20, (SR)

Møte med prost Asgeir Sele

MG / AS

Det har blitt tradisjon at prosten vitjar soknerådet i Kviteseid på januar-møtet.

Prosten er nærmaste overordna for alle prestane i prostiet, og er biskopen sin representant i Øvre Telemark prosti. Det omfattar kommunane på kartet, avgrensa i sør til og med Midt-Telemark, Nome og Nissedal. Drangedal er ikkje med. På mange område har kyrkja samarbeid over kommunegrensar, mellom anna om Diakoni i gamle Vest-Telemark, og Ønsker & Elsket i heile prostiet. Om HMS/HMT har prosten samarbeid med kyrkjevevja som har teikna avtale på vegne av soknet.

Kviteseid sokneråd vel òg ein representant til Prostirådet.

Stikkord for årets samtale er:

- Året som har gått.
- Året som kjem.
- Korleis forstår me oppdraget vårt?
- Kva finst av hindringar for at me kan løyse oppdraget vårt?

Forlag til VEDTAK:

Soknerådet takkar for samtala og ord til informasjon og ettertanke.



Stikkord frå samtala:

- Prostiet har 50 kyrkjebygg fordelt på 21 sokn (Vi har 6 bygg i eitt sokn)
- Litt statistikk frå 2019: Litt opp og ned med gudstenesteoppslutning, der årsakene kan være spesielle arrangement, eller mangel på slike. Generelt svært gode tal med eit gjennomsnitt på 76 fram møtte på gudstenestene, og 39 til nattverd. Svært gode tal i forhold til innbyggjartal.
- Ynskjer dialog med unge familiar og utvide samarbeidet med andre.
- Kyrkjekor er sakna. Det var godt å høyre på koret, og det lyfta gudstenesta.
- Oppmode til gudstenestedeltaking òg der ein ikkje høyrer til geografisk. Sundag er kyrkjedag!
- Fokusere på dei som kjem og det vi lykkast med, og dra nytte av det til andre sider av arbeidet òg.
- Vi har eit ekstra ansvar som folkekyrkje å famna alle.
- Samla gjevarkomiteen igjen for vidare utvikling. 15 personar gjev nå nær 60.000 kvart år med faste månadlege gåver med Avtale Giro.
- Dnk skal ha ekstra fokus på dåp i 2020. Dåpstala går litt ned av fleire årsaker. Vi får ikkje lenger direkte melding frå folkeregisteret om nyfødde. Informere på helsestasjonen. Auke bevisstgjerjing om dåp.
 - Prosten meiner hovudgrunnen til mindre dåp er at foreldre i dag er meir reflekterte. Det er færre som døyper berre grunna tradisjon. Dei må ha ei sjølvstendig grunngeving. Det kan vi vere med å gje dei.
- Ikkje fokuser på alle 'burde'. Gled dykk over det de får til. Utvid og bruk det.
- Det neste åra vert det sentralt arbeid med ny kyrkjeordning med egne komitear for å sjå på val-ordninga, biskop og prost sine roller, arbeidsgjevarlinjene som skal bli ein.

VEDTAK:

Soknerådet takkar for besøket og samtala.

Sak 08/20, (SR)

Musikkvideo i Gamlekyrkja

MG / KS

Ei av soknerådet sine oppgåver er å bestemma utleige og bruk av kyrkjene. Vi har eit gjeldande utleigereglement som er vedteke av SR sist periode og godkjend av biskopen. Dette reglementet kjem opp på eit seinare møte då det er blitt naudsynt med litt endring på utleige til konsertar.

Her er ei bruksform som kanskje treng avklaring: Kyrkjeverja har fått spørsmål om det er mogleg å låne Kviteseid gamle kyrkje til å laga ein musikkvideo. Førebels er spørsmålet berre munnleg.

Til denne typen bruk kan det være greitt å søke råd i SR før avgjerd vert teken.

Skal avgjerd takast av kulturutvalet, organist, sokneprest eller kyrkjeverje, eller dei 3 sistnemnte i fellesskap?

Forlag til VEDTAK:

Soknerådet ber sokneprest, organist og kyrkjeverje i samråd ta avgjersle i denne saka og eventuelt tilsvarende saker seinare.

VEDTAK:

Soknerådet vedtek at førespurnadar om leige/bruk som fell utanfor utleigereglementet, skal handsamast i soknerådet. Alle aktuelle må levera skrifteleg søknad.

- **Kyrkjelydsutval:**
 - *Kviteseid:* Lisbeth F Aabø er leiar. Sigrun G Moen frå SR.
 - *Brunkeberg:* Dei som har vore medlemmer av utvalet siste periode, blir spurde om å halde fram. Treng leiar. Vigdis N Bruhaug frå SR.
 - *Vrådal:* Astrid og Jan Gunnar Breivik, samt Marit Sørby held fram. Siste som leiar og frå SR. Dei finn sjølv ein 4.
 - *Fjågesund/Kilen:* Ikkje aktivt utval. Blir etablert på nytt. Aud Turid Fjågesund frå SR.
- **Trusoppplæringsutval:** Vidar Syrtveit Mikalsen held fram som SR-representant. Sigrunn Egeland er i tillegg med. Kunne hatt ein til frå kyrkjelyden då ein nyleg gjekk ut.
- **KN-Kontakt / Fasteaksjonen:** Sekretær på kyrkjekontoret er kontakt mot KN. Det er få konfirmantar i år, berre 11 totalt. Vi treng fleire medarbeidarar utanfrå enn nokon gong før. Fasteaksjonen er tysdag 31.mars.
 - *Kviteseid:* Marit Gotuholt, Dagfinn Køhn, Sigrun G Moen
 - *Brunkeberg:* det er avklart kven som skal spørje kven..
 - *Vrådal:* Håkon Birkeland held fram og får med seg andre
 - *Fjågesund/Kilen:* Aud Turid spør ein namngitt i Fjågesund
- **Diakonatot:** Marit Sørby frå SR (*Presisering: Ikkje valt til styret i Diakonatot, men til å representere soknerådet på årsmøtet*)
- **Prostirådet:** Gudrun N Venås frå SR
- **Fellesmøtekomité:** Vidar S Mikaelson ny frå SR. Sokneprest Møyfrid held fram.
- **Godhetsveka:** Magne Skjæveland har sagt OK til å halde fram. Toralf Grave 'hospiterer' litt for å finne ut av kva oppgåvene går ut på. Kristen vert med (som kyrkjeverje).
- **Gjevarkomiteen:** Spør eksisterande komité om å halda fram. Dagfinn Køhn og Kristen S. er med. Håkon B og Astrid T. blir spurde på nytt.
- **Misjonskontakt:** Ein namngitt er utfordra (av Møyfrid). Ventar på svar.
- **Bibelkontakt:** Åsa sluttar. Ein namngitt blir utfordra (av Møyfrid)
- **Kirkens SOS:** Marit Gotuholt held fram
- **Kulturutvalet:** Olav Holm og Toralf Grave har fått med seg Liv Solveig Liodden Sørbø.

Tips til kandidatar til Diakoniprisen: Tenker på kandidatar til neste møte.

Opplæringskurs for nytt sokneråd ved KA tysdag 25. februar på BØ Hotell. Fokus på fellsrådssaker.

Dei neste soknerådsmøta er etter vedtak 26.11.19: 26/2, 1/4, 3/6, 26/8, 30/9 og 18/11

Årsmøte 29/3